

Suådl og laks

HARALD LURA

Lambrett, suådl eller niøye – "kjært" dyr med mange namn

Dei som badar i nedre delar av Håelva vert ofte átvara mot lambretten eller suådelen. Dei vert fortalt at desse åleliknande dyra kan sugе seg fast og bite hol der dei festar seg. Dei har både kjeft og tenner til dette, men er nok likevel langt betre enn sitt rykte. På grunn av utsjånaden ser folk på desse dyra som ufisk og dei har ikkje vorte nytta til mat. I andre land vert dei likevel rekna som ei delikatesse.

Det finst to artar lambrett i Håelva; elveniøye (*Lampetra fluviatilis*) og havniøye (*Petromyzon marinus*). Dei høyrer til ei dyregruppe som heiter kjevelause fisk, der dei einast nålevande artane finst i gruppa rundmunnar. Namnet lambrett, blir bare brukt på Jæren. Dette er svært likt både det engelske namnet lamprey og det latinske *Lampetra* som er slektsnamnet til elveniøya. Dette kjem frå lampodra som betyr "slikk ein stein", som ein kan sjå at dyra gjer i elvane. Det Jærske namnet viser at desse dyra har vore kjende for Jærbuen, og hatt tilhald i Håelva i lange tider. Det andre namnet suådel er også særlege for Jæren og illustrerer utsjånad og levevis. Dei er lange og slanke som ål og kan sugе seg fast til steinar på botn, når dei kviler eller skal gyte. Det norske namnet niøye kjem av at dei har

sju gjelleopningar, som saman med auget og naseopninga kan framstå som ni "auger".

Begge artane har ein livssyklus som liknar på den laksen har. Dei gyt på dei same områda i elva, går ut i havet etter 3 til 5 år, og returnere til elvane for å gyte. Biologien er likevel svært forskjellig frå laksen sin. Gytinga skjer i juni og fiskane lager ei gytegrup i grov grus på rennande vatn. Lambretten vaktar gytegruppa etter gyting og døyr etter kort tid. Egga klekker etter nokre veker og larvane lever nedgravne i elvebotnen der dei er mikroorganismar. Dei kan minne om småål, men liknar elles lite på dei vaksne dyra. Når dei blir 10-15 cm lange går dei gjennom ei forandring og får den karakteristiske runde, sugekoppliknande munnen med tenner på innsida. Dei går ut i sjøen om hausten og lever der som parasitter på fisk. Lambretten sug seg fast og lager eit hol i huda på byttefisk. Dei sug ut blod og kroppsvæsker og veks truleg bra. Dei skil ut eit stoff frå munnen som held såret ope når dei beit. Nokre år kan ein del av sviddene i Håelva ha runde eller ovale sår på sida bak gattfinna, der ein kan sjå det røde laksekjøtet gjennom det nye skinn. Dette er sår som er laga av lambrett.

Når lambretten vert kjønnsmoden vender dei tilbake til ferskvatn og gyt. Havniøyene vert størst. Dei blir



Med dette gapet lurar havniøyene seg innpå større fisk. Med hornmennene biter den seg fast bak på fisken, og suger ut muskler og innvoller til fisken dør. Foto: Geir Sveen

opp mot ein meter lange, og er brunlege med lysare marmoreringar over heile kroppen. Dei er svært lette å oppdage om sommaren på lite vatn. I Håelva finst dei heilt opp til Fotlandsfossen. Elveniøyene er grålege og einsfarga. Dei vert opp til ein halv meter lange. Desse gyt truleg mest i dei nedre delane av elva, opp til Haugland. Bestandane i Håelva ser ut til å variere mykje. Nokre år er det mange dyr på gyting om sommaren og dei har ein like fasinerande gyteleik som laksen. Andre år ser ein mest ikkje dyr på gyting i det heile.


Laksen

Håelva har sin særeigne laksestamme som veks opp i vassdraget og går ut frå elva som smolt. Etter ei lang og farleg vandring i havet finn dei fleste laksane vegen

tilbake til Hå og gyt i heimeelva. Evna til presis heimvending gjer at det vert lite blanding av laks mellom ulike elvar og det kan utvikle seg laksestammar som er tilpassa det lokale elvemiljøet. Det er likevel ei viss innvandring frå andre elvar, men feilvandrarane kjem ofte frå naboelvene. Laksefiskarane i Håelva fangar av og til merka laks. Som oftast har desse gått ut frå Figgjoelva, eller dei er utsette ved forskingsstasjonen på Ims.

Det er berre promillar av all roгна som blir gytt i Håelva som overlever så lenge at dei når fram til gyteplassane og fullfører gytinga som vaksen laks. I gode år vert det kanskje gytt opp mot 5 millionar egg i elva. Av desse overlever i underkant av 100 000 (2 %) som går ut i havet som smolt. Desse kan gi ein oppgang i elva på mellom 5 000 og 10 000 svidder og laks som har overlevd heile vandrainga i havet. Etter dette må ein også trekke frå fangsten i elva, som utgjer over halvparten av fisken som går opp.

Laksen i Håelva startar livet i november. Då gyt foreldra på straumsterke område med grov grus og god vassgjennomstrøyming i elvebotnen. Laksehoa grev roгна ned i grusen. Ho slår med halen slik at grusen blir løfta opp i straumen og driv litt nedover. Det dannar seg ei grop i elvebotnen med større stein nedi som hoa kan gyte eggja mellom. Gravinga tek lang tid og mange hannar vartar henne opp under arbeidet. Sjølve gytinga er over på sekunder og då må hannane vere klar. Etterpå blir eggja raskt dekte med grus av hoa. Det kan vere fleire vaksne hannar med på gytinga. I Håelva vert også mange av hannane blant lakseungane kjønnsmodne før



*Plommesekkyngel. Foto: Halvard Kaasa.
Suldalslågen. Laks og kraft, Statkraft Grøner as, 2000.*

dei går ut i sjøen. Desse småfiskane lurar seg inn under hoa akkurat i det ho gyt, og kan befrukte opptil tredjeparten av rogn. Det er derfor som regel mange fedrar som bidreg i ei enkelt gyting. Sviddene i Håelva gyt mellom 3 500 og 6 500 rogn, og laksen mellom 7 000 og 17 000 rogn som blir fordelt på 10 til 20 gytingar. Dersom det er lite vatn i elva i november kan ein nokre stader, som ved Fotland Kraftstasjon, følgje gytinga frå land. Då får ein sjå dette flotte naturfenomenet på nært hald.


Lakserogna ligg nede i grusen heile vinteren og klekker tidleg i april. Lakseyngelen er då lite utvikla, og har plommesekk under magen. Yngelen held seg nede i gytegroppa ennå tre-fire veker før dei kravlar seg opp gjennom grusen, startar å ta til seg føde og etablerar seg på eit eige territorium. Svært mange lakseungar



*Laksyngel. Foto: Halvard Kaasa.
Suldalslågen. Laks og kraft, Statkraft Grøner as, 2000.*

døyr på grunn av konkurransen, eller vert tekne av fiendar i denne perioden. Lakseungane er då i overkant av 2,5 cm lange. Dei har fått den karakteristiske ungfiskdrakta med "fingermerke" langs sidene og blir kalla parr. Veksten til laksen i Håelva er god, men varierer ein del. Nokre veks over 10 cm på eitt år, men dei fleste bruker to år på å nå ei lengd på 15-16 cm. Dei som veks seinast treng tre år for å nå denne lengda.

Den neste viktige hendinga i laksen sitt liv er når dei vert smolt og vandrar ut frå elva. Utvandringa frå Håelva føregår i hovudsak dei tre første vekene i mai. Dei aller fleste lakseungane er to år gamle når dei går ut, men det går også ut nokre eittåringar (5 %) og nokre treåringar (3 %). Før utvandringa går smolten gjennom store endringar i fysiologi, utsjånad og oppførsel. Fisker skal skifte frå livet i ferskvatn til livet i saltvatn,



Livssyklusen til laksen i Håelva. Motiv og foto: Halvard Kaasa. Suldalslågen. Laks og kraft, Statkraft Grøner as, 2000.

og før dei går ut må dei vere klar til eit salt livsmiljø med mange nye fiendar. Gjellene endrar seg for å tole saltvatnet, fiskane blir lange, slanke og blanke, slik at dei får den kamuflasjefargen som trengs ute i havet. Dei sluttar å forsvare territoria sine og sluttar å orientere seg mot straumen, og går nå saman i stimar og slepp seg nedover elva. Vandringsrouta føregår om natta slik at dei ikkje skal bli så lett oppdaga og tekne av fiendar. Smolt lærer seg, og hugsar, vandringsruta si når dei går ut. Dette gjer dei ved å legge merke til luktspor på vegen ut av elva, rundt elevmunninga og langs kysten, som dei kan kjenne igjen når dei returnerar som vaksen laks. Laksen vandrar ut i havet for å vekse. Slik kan hoene produsere mest mogleg rogn og grave eggja djupt ned

i elvebotnen, og hannane verte godt rusta til å konkurrere om hoene sin gunst under gytinga. I havet får laksen den karakteristiske raudfargen i kjøtet. Fargestoffet, som er svært likt den fargen som finst i gulrot, kjem frå maten. Dette er den same raudfargen som finst i hummar og reke. Laksen får fargen frå krepsdyr som han et i det opne havet, eller frå krepsdyr som byttedyr har ete før laksen tek dei. Hofisken overfører fargen frå kjøtet til rogn, mens hannane nyttar opplagra farge i den karakteristiske raude gytedrakta dei får i oktober - november.

Laksen er rovdyr og jaktar på andre dyr, som krepsdyr, fisk og blekksprut, men dei må også passe seg for fiendar. Dei fleste av smoltane som går ut av elva døyr under vandringsrouta. Laksen har flest fiendar i den første fasen i havet når fisken er liten. I elvemunninga samlast rovfisk og fugl under smoltutvandringa i mai for å ete lakseungar. I havet vandrar laksen frå Håelva nordover med kyststraumen. Dei ender etter nokre månader opp nord i Norskehavet saman med laks frå resten av Noreg og andre Europeiske land. Vandringsrouta er truleg mest styrt av havstraumane. Om hausten og vinteren går laksen sørover og mange ender opp rundt Færøyane i januar og februar. Om våren vandrar fisken som kjønnsmodnar, som svidda, mot Norskekysten. Dette er fisk på 1,5 til 2,5 kg som altså har vore eitt år i sjøen. Ein del av fisken tek endå ei vandringsrunde og kjem tilbake til Hå som laks på 3,5 til 6,5 kg etter to år i havet. Laks som er større enn dette har vore 3 år i sjøen etter smoltutvandringa, eller det er fisk som gyt for andre gong etter sin andre tur til havet.

Vandringa og orienteringa heim til Håelva kan delast i to fasar. Første del er ei austleg vandring frå vinterområda der fisken sannsynlegvis nyttar jordmagnetismen for å finne Norskekysten. Når fisken finn kyststraumane kan dei orientere seg etter luktspora som dei lærte som smolt under utvandringa. Dei går då den tillærte ruta motsatt veg. Under vandringa heim sluttar laksen å ete. Den nyttar tida til aktiv vandring og er ekstra på vakt mot fiendar. Slik aukar dei sjansen for å overleve den siste delen av vandringa og nå gyteområda. Når fisken går opp elva er tarmsystemet "skrudd av". Det er ikkje nok mat til så mykje stor fisk i elva og aktivt matsøk ville også medført fare for laksen i elva.

Dei første laksane som går opp står altså i elva opp mot 6 månader utan å ete før dei gyt. Laksen bruker rundt halvparten av energiinnhaldet i kroppen til oppvandring og gyting. For hoene går mesteparten av ressursane med til rognproduksjon, mens hannane bruker kreftene på kamp om hoene. Trass i tapet av opplagsnæring overlever truleg rundt 60 % av hannane og 80 % av hoene i Håelva gytinga. Desse "øvestøingane" går ut i ei pulje etter gytinga og fram til januar, og i ei ny pulje frå mars til mai. Det går flest hannar i første pulje og flest hoer i siste. Nokre fisk blir også lenger i elva og går først ut i juni etter eitt år i elva utan mat. Ein veit lite om overlevinga til "øvestøingane" frå Håelva, men ein kan rekne at 5 til 10 % av fisken gyt to gonger. Nokre klarer også å gjennomføre tre gytingar. Dei fleste sviddene som går ut er bare ein sommar i sjøen på andre vandringa og vert derfor bare litt større

som andregangsgytarar, enn det dei var første gongen. Laksen som gyt fleire gonger vert gjerne ein vinter til i sjøen på andre vandringa. Desse vert dei store rekordlaksane, om nokon klarer å fange dei.

Lakseoppgangen i Håelva er styrt av flaumane. Under gode forhold kan laksen lett gå opp til Fotlandsfossen på under eit døgn, men dei flest brukar opp mot to døgn. Det blir årleg fiska svidda på Undheim som går opp på eitt døgn. Den første fisken som kjem inn mot elva er alltid laks. Nokre laks er på plass i sjøen ved Hå alt i mai. Det er observert nygått laks på 4-5 kg under Fotlandsfossen så tidleg som 20. mai. Det vert ofte fanga fin laks, på opp mot 10 kg, om det kjem flaum dei første vekene av juni. Sviddene kjem stort sett fram til elva frå Jonsok og utover i juli. Dei dominerer fangsten i sommarflaumane. Seinare i sesongen aukar så andelen av laks igjen, men dei aller største hannane er sjeldan på plass oppover i elva før etter dei store haustflaumane i september - oktober. Største fisken som er fanga i Håelva på stong vart teken i Podlane og var 17,2 kg. Det er teke fisk på 17 kg på stong på Fotland, men også fanga større fisk i dette området under stamfisket. Ovanfor Fotlandsfossen er det teke nokre fiskar på over 10 kg. Håelva er likevel ei smålakselv. Dette saman med ein smoltproduksjon som er blant dei høgaste i landet i forhold til produksjonsarealet, gjer at det går opp svært mange fiskar i elva til glede for både elveigarar og laksefiskarar

*Tore Vik med storlaksen på 17,2 kg.
Foto: Jærbladet,*

